

23.01.2011

Morten hjalp Astrid til topps!



Astrid og Morten - her før dei var på Aconcagua-toppen første gongen.

**Morten Nilsen, med sterke røter i Uskedalen og vert for
Vertshuset sist sommar,
har fått bortimot heltestatus etter at han som medlem
av ein delegasjon med 11
menn og 1 kvinne satsa mot toppen av Amerikas
høgaste fjell Aconcagua i Argentima.**

Statusen kjem av at han no har vore på toppen ein gong til!

Det skjedde sist torsdag og då hjalp han Astrid Fiskvik (28 år og frå Tynset men busett i Oslo) til topps etter at ho hadde gjeve opp den første freistnaden 14. januar på grunn av høgdeproblem. Då kom 7 frå ekspedisjonen til topps.

Dei to starta påny frå basecamp. Astrid var som ein forstår sterkt motivert med mellom anna ein bestigning av Kilimanjaro bak seg og då Morten sa seg villig til å satsa ein gong til var ho med på notene. Etter Morten sitt utsagt var ho under freistnad nummer 2 sterkare og friskare i klatringa mot toppen enn fleire som har vore på 7 berømte toppar verda over.

Veteranane i gjengen er da også fulle av beundring over at toppstatistikken til ekspedisjonen har vorte enda meir imponerande. Ein av dei skriv at dette er ein fantastisk prestasjon.
Han har aldri opplevd og sjeldent hørt om slike som gjer det same som Morten og Astrid.
Å gå laus på toppen igjen etter så kort tid krev ein fantastisk motivasjon, understrekar veteranane.

Av Ola Matti Mathisen